



Norges Vassdrags- og energidirektorat  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 OSLO

Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse)  
201304972-9/344/TALHALS

Dykkar ref.:  
NVE 200902954-11

Bergen, 03. oktober 2013

## Søknad om løyve til bygging av Ripelselva kraftverk i Etne kommune – Hordaland

Vi viser til brev dagsett 7. oktober 2013 der Hordaland fylkeskommune er bedden om å gje fråsegn til søknaden frå Norsk Grønnkraft AS om Ripelselva kraftverk i Etne kommune. Fylkesutvalet i Hordaland handsama saka på møte 25. september, som sak 215/13, og gjorde følgjande vedtak om fråsegn:

1. Fylkesutvalet ber NVE om å handsama dei tre kraftverka Miljateig-Skålnes, Ripelselva og Hetleflåt saman for å vurdera den totale påverknaden desse vil ha på friluftsliv, landskap og det store samanhengande naturområdet i Etne- og Saudafjella, som er område av stor verdi.
2. Utbygginga må ikkje redusere verdien av bekkeløfta og dei raudlista artane.
3. Overføringa som ligg i sårbart høg fjell av høg verdi må vurderast og eventuelt fjernast frå prosjektet.
4. Alternativ bruk av tunnelmassane skal vurderast framfor deponi.
5. Naturmangfaldlova paragraf 10 set krav om å vurdera samla belastning på naturmangfaldet ved naturinngrep. Det er ikkje lagt fram dokumentasjon som viser samla verknader på landskap og naturmangfald.

Vedlagt følgjer kopi av saksframlegg og protokoll frå møte i Fylkesutvalet 25.09.13.

Gudrun Mathisen  
Klima- og naturressurssjef

Tale Halsør  
Rådgjevar

Kopi: Tore Slinning, Kultur- og idrettsavdelinga



## SÆRUTSKRIFT

Arkivsak 201304972  
Arkivnr. 344  
Sakshandsamar Halsør, Tale

Saksgang	Møtedato	Saknr.
Kultur- og ressursutvalet	17.09.13	91/13
Fylkesutvalet	25.09.13	215/13

## KONSESJONSSØKNAD FOR RIPELSELVA KRAFTVERK I ETNE KOMMUNE - FRÅSEGN

**Kultur- og ressursutvalet 17.09.13**

Tom Sverre Tomren sette fram slikt forslag på vegner av MDG og Rødt:

«Av omsyn til miljø og overordna nasjonale planar frarår kultur- og ressursutvalet / fylkesutvalet at det vert gjeve løyve til konsesjon for Riple elva.»

### Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart vedteke mot 2 røyster (R og MDG) for Tomren sitt forslag

### INNSTILLING

1. Fylkesutvalet ber NVE om å handsama dei tre kraftverka Miljateig-Skålnes, Ripelselva og Hetleflåt saman for å vurdera den totale påverknaden desse vil ha på friluftsliv, landskap og det store samanhengande naturområdet i Etne- og Saudafjella, som er område av stor verdi.
2. Utbygginga må ikkje redusere verdien av bekkekløfta og dei raudlista artane.
3. Overføringa som ligg i sårbart høgfjell av høg verdi må vurderast og eventuelt fjernast frå prosjektet.
4. Alternativ bruk av tunnelmassane skal vurderast framfor deponi.

**Siri Klokke** sette fram slikt forslag:

«Tillegg:

Naturmangfaldlova paragraf 10 set krav om å vurderer samla belastning på naturmangfaldet ved naturinngrep. Det er ikkje lagt fram dokumentasjon som viser samla verknader på landskap og naturmangfald.»

**Aud Karin Oen** sette fram slikt forslag:

«Av omsyn til miljø og overordna nasjonale planar rår fylkesutvalet frå at det vert gjeve løyve til konsesjon for Ripelselva.»

### **Røysting**

Oen sitt forslag fekk 1 røyst (SV) og fall.

Innstillinga vart vedteken mot 1 røyst (SV).

Klokke sitt forslag vart vedteke mot 7 røyster (H, Frp).

### **VEDTAK**

1. Fylkesutvalet ber NVE om å handsama dei tre kraftverka Miljeteig-Skålnes, Ripelselva og Hetleflåt saman for å vurderer den totale påverknaden desse vil ha på friluftsliv, landskap og det store samanhengande naturområdet i Etne- og Saudafjella, som er område av stor verdi.
2. Utbygginga må ikkje redusere verdien av bekkekløfta og dei raudlista artane.
3. Overføringa som ligg i sårbart høg fjell av høg verdi må vurderast og eventuelt fjernast frå prosjektet.
4. Alternativ bruk av tunnelmassane skal vurderast framfor deponi.
5. Naturmangfaldlova paragraf 10 set krav om å vurderer samla belastning på naturmangfaldet ved naturinngrep. Det er ikkje lagt fram dokumentasjon som viser samla verknader på landskap og naturmangfald.

RETT UTSKRIFT:

DATO: 30. september 2013

FYLKESRÅDMANNEN I HORDALAND

*Mildrid Bertelsen*



**Regionalavdelinga**

Klima- og naturressursseksjonen

Arkivsak 201304972-5  
Arkivnr. 344  
Saksh. Tale Halsør og Tore Slinning

Saksgang	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet	17.09.2013 - 18.09.2013
Fylkesutvalet	25.09.2013 - 26.09.2013

## **KONSESJONSSØKNAD FOR RIPELSELVA KRAFTVERK I ETNE KOMMUNE - FRÅSEGN**

---


### **SAMANDRAG**

Norsk Grønnkraft søker om løyve til å nytte fallet i Ripelselva på sørsida av Åkrafjorden i Etne til kraftproduksjon. Venta årleg produksjon er 8,5 GWh. I same område har grunneigarar søkt om å få byggje Miljateig/Skålnes kraftverk, som også skal handsamast på dei same møta som søknaden om Ripelselva. Det er ein fordel å sjå søknadane i samanheng, då konsekvensane av utbyggingane vil råke det same fjellområdet.

Utbygginga vil redusere vassføringa i ei bekkekløft som er vurdert å ha nasjonal verdi. Kløfta er ikkje ferdig undersøkt og konsekvensane av utbygginga er usikre. Med tanke på at dette er ein førekomst av nasjonal verdi, bør føre-var prinsippet frå naturmangfaldlova gjelde her. Delar av tiltaket ligg i eit sårbart høgfjellsområde av stor verdi og innverknaden av tiltaket på landskapet må vurderast før denne delen av tiltaket får løyve. Tiltaksområdet ligg i fjellsida opp mot dei populære Etnesfjella. Det er fleire planlagde utbyggingar i same område og det vert dimed viktig å også ta omsyn til dei totale konsekvensane for landskap og friluftsliv i området når saka slutthandsamast.

### **FORSLAG TIL INNSTILLING**

1. Fylkesutvalet ber NVE om å handsama dei tre kraftverka Miljateig-Skålnes, Ripelselva og Hetleflåt saman for å vurdere den totale påverknaden desse vil ha på friluftsliv, landskap og det store samanhengande naturområdet i Etne- og Saudafjella, som er område av stor verdi.
2. Utbygginga må ikkje redusere verdien av bekkekløfta og dei raudlista artane.
3. Overføringa som ligg i sårbart høgfjell av høg verdi må vurderast og eventuelt fjernast frå prosjektet.
4. Alternativ bruk av tunnelmassane skal vurderast framfor deponi.

  
Rune Haugsdal  
Fylkesrådmann

  
Bård Sandal  
Regionaldirektør

## 1. Innleiing

Norsk Grønnkraft AS søker om å få byggje og drifte Ripelselva kraftverk ved Åkrafjorden i Etne kommune. Søknaden er på høyring frå Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) med høyringsfrist 26. august 2013. Hordaland fylkeskommune har bede om å få utsett høyringsfrist til 1. oktober. Miljateig/Skålnes kraftverk, som også skal handsamast på same tid, ligg få kilometer frå tiltaksområdet. Då dei to tiltaka vil ha konsekvensar for det same fjellområdet er det ein fordel å sjå desse to sakene i samanheng.

## 2. Prosjekt

### a. Områdeomtale

Tiltaksområdet ligg på sørsida av Åkrafjorden. Landskapet er prega av bratte, skogkledder lier og nede ved fjorden er det spreidd busetnad, noko næringsverksemd og naust. E134 går langs fjorden og det nokre andre, mindre vegar og anna infrastruktur. Ripelselva går i eit bratt juv, kryssar 134 like ved tunnelmunningen og renn ut i Åkrafjorden.



1 Plassering av tiltaksområde på sørsida av Åkrafjorden, Etne.

### b. Prosjektskildring

Inntaket vil liggje på kote 550 og vere ein betongdam 20 meter lang, 18 meter brei og 3 meter høg. Ei sideelv vil overførast og her vert det bygd ein kum kring kote 675 som vil leie vatnet over til Ripelselva. Herifrå vil bekken følgje elveløpet til Ripelselva ned til hovudinntaket. Røyrgate vil vere om lag ein km lang og i hovudsak gå i borehol. I øvste og nedste del vil korte strekk gå i nedgraven røyrgate. Det er førebels ikkje planar for kva som skal gjerast av massane frå boreholet. Kraftstasjonen vert plassert oppom gamlevegen like ved tunnelmunningen på E134, om lag 320 meter vest for staden der elva renn ut i dag. For transport av byggjemateriale til inntaket vil søkjar byggje ein km anleggsveg frå Rafdal kraftverk til inntaket. Frå gamle E134 vil ein ny veg på 40 meter gje tilkomst til kraftstasjonen. Det vil byggjast mellombels anleggsveg ved overføringa og i røyrgate frå inntaket til boreholet. Utbygginga er venta å koste 26,6 mill.kr og produsere 8,5 GWh årleg, der 5 GWh er vinterproduksjon. Utbyggingsprisen er 3,14 kr/kWh.

### 3. Verknad for natur og samfunn

For småkraftverk er det krav om at ein rapport om biologisk mangfald og hydrologi er lagt ved søknaden. Utover dette er det ikkje gjort faglege utgreingar som del av søknaden. I det følgjande er dei viktigaste verknader for natur og samfunn presentert, som skildra i søknaden og den vedlagde rapporten om biologisk mangfald.

#### a. Kulturminne og kulturmiljø

Det er ingen kjende eller registrerte kulturminne i utbyggingsområdet.

#### b. Landskap

Heile lia frå sjøen og opp til inntaksområdet på kote 550 har ei jamn og bratt stigning. Skogliene er dominert av lauvskog, med noko furu. Over skoggrensa har terrenget eit mjukare, meir småkuppert preg. Det ligg ein velhalden støl i nærleiken av øvre del av tiltaksområdet. E134 kjem ut frå ein tunnel like ved tiltaksområdet. Elva renn i Ripelsjuvet og er ikkje særleg synleg frå fjorden. Elva inneheld ingen markerte fossefall. Tiltaka vil vere lite synlege, med unnatak av kraftstasjonen, som vil vere synleg frå vegen.

Overføringa ligg innafor eit inngrepsfritt naturområde (INON) og inntaket ligg like ved. Utbygginga vil føre til ein reduksjon i verdi på INON-området. 0,56 km<sup>2</sup> av areal som i dag ligg 3-5 km frå inngrep vil liggje 1-3 km frå inngrep og 0,1 km<sup>2</sup> av område som ligg meir enn 5 km frå inngrep vil liggje 3-5 km frå inngrep.



Tiltaksområdet Ripelsleva

### c. Biologisk mangfald

Ripelsjuvet, som elva renn i, vart plukka ut til å vere del av ei nasjonal kartlegging av bekkekjøfter i 2009. Her vurderte biologane bekkekjøfta til viktig i nasjonal og regional samanheng (verdi A/B). I juvet fann dei ein svært artsrik og variert moseflora og gråor-heggeskog, som er ein omsynskrevjande vegetasjonstype. Gråor er særleg viktig for verdien av kjøfta, då det vart gjort funn av raudlista hodeskoddelav (VU) på trea. Det er kun delar av juvet som er undersøkt og det er truleg at det finst andre sjeldne og truga artar her som ikkje er funne enno. Det er ikkje fisk i elva.

Inntaket vil liggje ovafor Ripelsjuvet og vassvegen vil gå i borehol vest for elva, utbygginga vil difor ikkje krevje areal frå bekkekjøfta. Konsekvensane for biologisk mangfald vil vere knytt til redusert vassføring for vegetasjonen i kjøfta. For å dempe konsekvensen av dette foreslår søkjaren ei minstevassføring på 11 l/s. Det er ikkje gjort vurderingar av konsekvensane utbygginga får i andre delar av tiltaksområdet, som området ved overføringa.

Utbygginga er vurdert å ha *middels negativ konsekvens* for biologisk mangfald.

### d. Samfunn og andre brukarinteresser

Det er noko hjortejakt i området, men utbygginga er ikkje venta å få konsekvensar for jakta. Området er ikkje nytta til friluftsliv eller jordbruk.

## 4. Vurdering

I det følgjande er dei planlagde tiltaka vurdert opp mot relevant regelverk og verknad på andre, ålmenne interesser. Hordaland fylkeskommune har vurdert tiltaket som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern. Hordaland fylkeskommune har vidare vedteke ein fylkesdelplan for små vasskraftverk som ligg til grunn for vurderingane.

### a. Kulturminne og kulturmiljø

Hordaland fylkeskommune, kultur- og idrettsavdelinga, har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

Vi har ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne i sjølve tiltaksområda og traséen for røyrgata. Ved inntaksdammen oppe ved Ripelen ligg to ruinar etter eit eldhus og eit sel. Desse er delar av kulturlandskapet på staden som tiltaket lyt ta omsyn til. Dette gjeld også ein ruin etter ei utløe like nordvest for utløpet i Sandvika. Vi har ingen vidare merknader i saka, utover at ein under opparbeidinga søkjer å unngå inngrep i og skade på eventuelle andre kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar og stiar, bakkemurar, ruinar og tufter m.m.

Elles gjer vi merksam på at tiltakshavar har plikt til å visa aktsemd, og viser til meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar blir avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltningstyresmakt har vurdert funnet. Slik gransking vil bli utført mindre enn tre dagar etter at vi har fått melding om moglege funn.

### b. Landskap

Delar av tiltaksområdet ligg i eit sårbart høgfjellsområde av stor verdi. Dette gjeld overføringa som går frå sidebekken over til Ripelselva. For utbyggingar i område som råkar sårbare høgfjellsområde gjeld følgjande retningsline frå *Fylkesdelplanen*.

R4	<b>Sårbart høgfjell</b> <ol style="list-style-type: none"><li>1. I sårbart høgfjell av stor verdi skal ein vere <i>restriktiv</i> med vasskraftanlegg som fører til varige sår i naturen. Avbøtande tiltak: Tunneldrift og veglaus utbygging kan redusere konfliktgraden.</li></ol>
----	---

For å overføre vatnet frå sidebekken vil ein etablere ein kum med overlaup som fører vatnet over i Ripelselva. Overføringa er ikkje visualisert eller forklart ytterlegare, det er difor uklart i kva grad dette vil vere eit tiltak som vil gje varige sår i området. Det er også overføringa som fører til den største reduksjonen i INON-område.

Det er i følge søknaden ikkje konkrete planar for plasseringa av deponiet frå boreholet. Eit deponi vil vere eit større landskapsinngrep og det er difor ønska at utbyggar vurderer andre løysingar framfor deponi.

R10 Alternativ bruk av eventuelle tunnelmassar skal vurderast framfor tippar i terrenget.

### c. Biologisk mangfald

Ripelselva er ei bekkekløft av regional til nasjonal verdi. I kløfta er det funne ein raudlista, truga art, hodeskodelav (VU). Då gjeld følgjande retningsline frå *Fylkesdelplanen*:

#### R5 Biologisk mangfald


1. Ein skal *vise varsemd* med å gje løyve til utbygging av små vasskraftverk som kan føre til skade på artar som er «kritisk truga» (CR), «sterkt truga» (EN) eller «sårbar» (VU) på den norske raudlista.

Kartlegginga av det biologiske mangfaldet er berre gjennomført i delar av bekkekløfta i følge den vedlagde rapporten. Det er vurdert å vere potensial for funn av ytterlegare, truga og sjeldne artar i kløfta dersom ho vert grundigare undersøkt. Vi veit ikkje nok om konsekvensane av redusert vassføring i bekkekløfter. Både dei reelle, biologiske verdiane av kløfta og konsekvensane av utbygginga er usikre. Då dette er ein lokalitet opp mot nasjonal verdi bør naturmangfaldslova sitt prinsipp om føre-var vere gjeldande i vurderinga av denne saka.

### d. Samfunn og andre brukarinteresser

I følge søknaden er området lite nytta til friluftsliv i dag. I verdikart for friluftsliv i *Fylkesdelplanen* er det merka av ein DNT-sti langs delar av Ripelsjuvet. Stien er tilkomststi til dei store friluftsområda i Etnefjella, som er vurdert å ha stor verdi for friluftsliv. Etnefjella er i *Område for friluftsliv* vurdert til eit svært viktig utfartsområde, der verdien særleg er knytt til stor bruksfrekvens, at området har stor popularitet utover lokal bruk og at opplevingskvalitetane er eineståande og mange.

Konsekvensane av utbygginga for friluftsliv må vurderast etter ein felles kartlegging av belastninga på området, der ein tek omsyn til dei til no bygde, dei som er søkte om og konsesjonsfritekne kraftverk som grensar opp mot Etnefjella.




2 Ripelsjuvet markert i grønt



### e. Samla vurdering

Det er viktig at NVE vurderer prosjektet saman med andre planlagde utbyggingar i dette området. Det er mange prosjekt som har søknader inne i området rundt Åkrafjorden. Det næraste til Ripelseva er Hetleflåt, som var ute på høyring våren 2012 og ikkje er slutthandsama. Samstundes med at Ripelseva er på høyring, er også Miljateig-Skålnes kraftverk ute på høyring. Som ein ser av kartet under ligg desse tre kraftverka tett og påverkar det same området, spesielt kva gjeld INON, landskap og friluftsliv. Desse burde vore handsama samstundes, slik ein gjorde med dei fire kraftverka i Rullestad-Skromme.

På vestsida av Ripelseva ligg det allereie utbygde Rafdal kraftverk. Der er også småkraftverk som er fritekne for konsesjonsplikt. Også desse kraftverka må takast med i vurderinga av total belastning på området.



Naturmangfaldlova § 10 set krav om å vurdere samla belastning på naturmangfaldet ved naturinngrep. Søkjar har ikkje lagt fram dokumentasjon som viser samla verknader på landskap og naturmangfald.

NVE skal i nær framtid slutthandsame fleire søknader om utbygging i området som allereie har vore på høyring. Ein viktig konsekvens av utbygging av desse kraftverka er påverknaden på dei store, samanhengande naturområda i Etne- og Saudafjella og den regionale og nasjonale verdien desse har for friluftsliv og naturoppleving. Sikringa av dessa områda ved Åkrafjorden må prioriterast. Dei tre kraftverka vil påverke det same store INON-området av sone 1,2 og villmarkspreg. Det er difor naudsynt at NVE handsamar desse sakene samla.

Fylkesutvalet har oppmoda om ei samla vurdering av desse kraftverka også tidlegare. I vedtaket frå Rullestad-Skromme står følgjande: *Fylkesutvalet ber NVE sjå heilskapleg på utbyggingsplanar i Åkrafjorden og Fjæravassdraget slik at nettkostnader på ny omsøkt 66kV kraftlinje kan kostnadsdekkjast frå fleire prosjekt i området.*

## 5. Oppsummering og tilråding

Ripelselva går i store delar i eit juv. Juvet er kartlagt i den nasjonale kartlegginga av bekkekløfter, der den vart vurdert å ha nasjonal verdi. Dei reelle, biologiske verdiane av kløfta og konsekvensane av utbygginga er usikre. Då dette er ein lokalitet opp mot nasjonal verdi bør naturmangfaldslova sitt prinsipp om føre-var vere gjeldande i vurderinga av denne saka. Tiltaksområdet ligg i fjellsida opp mot Etnefjella. Området er eit svært mykje nytta utfartsområde, med heilt særeigne opplevingskvalitetar. Overføringa som er del av tiltaket ligg i sårbart høgfjellsområde av høg verdi, men søknaden manglar visualiseringar eller skildring av korleis dette påverkar høgfjellslandskapet. Avhengig av konsekvensane overføringa vil få for landskapet, bør det vurderast å ta denne overføringa ut av prosjektet. Då røyret vil gå i fjell vil konsekvensane for fjordlandskapet bli små. Å føre vatnet i borehol vil gi ein del massar. Ein bør unngå å deponere massane, men heller finne ein annan bruk av dei.